



Årsmelding 2025

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.25 155 medlemmar. Det stod 57 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 49 personar med adresse i tidlegare Naustdal kommune og 8 personar med adresse i andre områder.

Styret har hatt 3 styremøte sidan førre årsmøte. Styret har handsama 12 saker. Det har også vore noko møteverksemd og særmøter i høve årsmøtet. Det har også vore ein del digital møteverksemd. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2025 var eit ordinært driftsår.

Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er lange ventelister for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overtekne av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar. Det er omsett 1 båtplass i 2025.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2025 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 55.270. Styret er tilfreds med dette resultatet.

Det har dette året ikkje vore arrangert fellesdugnader.

Det vert stadig plassert boss, gamle batteri, øydelagt fiskeutstyr etc. i båthamna. Det er synd at nokon opptrer på ein slik måte. Nokon må då bruke tid på å rydde etter andre. Styret oppmodar derfor alle til å ta med seg boss enten heim, eller til godkjent avfallsmottak. Båtar og båthengarar skal heller ikkje oppbevarast på området til båtlaget.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2025.

Styret:

Leiar:	Daniel Stave	på val 2026
Nestleiar:	Svein Skjærli	på val 2026
Skrivar:	Arnt Ole Ramsdal	på val 2026
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2026
Styremedlem:	Kato Grønfur	på val 2026
<i>Revisor:</i>	Bjørn Olav Erdal	på val 2027
	Jan Petter Sæbø	på val 2026
Valnemnd:	Kjartan Kroknes	på val 2027
	Jørn Helgheim	på val 2026

Hamnesjefar

Steinar Lothe og Egil Gulholm har vore hamnesjefar. Steinar har hatt spesielt ansvar for køyring av båtvogna på slippen.

Hamnesjef har vore kalla inn til nokre styremøte. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter. Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Utleigeansvarleg

Årsmøtet i 2025 endra §20 i Lov om SA Naustdal Båtlag, og innførte styrt utleige av båtplassar. Med dette vart det innført eit verv som «Utleigeansvarleg» eller «UA».

Christian Buanes har fungert i dette vervet. Han har motteke ei godtgjersle på kr 5.000 for telefonbruk mv.

Han har vore kalla inn til nokre styremøter, men har ikkje stemmerett.

Godtgjersle til tillitsvald

Leiar og kasserar i båtlaget har motteke ei godtgjering på kr 5.000. Dei øvrige styremedlemmane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 1 båtplass i 2025.

Det står 57 på venteliste for kjøp av båtplass.

For styret i SA Naustdal Båtlag

Daniel Stave

- Leiar-